



REGA PRO AS
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4388 - 14/17829

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
17.11.2014

Forespørsel om adressetildeling til fleire brukseiningar på GBNR 22/ 132- Mjåtveitflaten 1

Meland kommune har fått forespørsel om eiga adresse frå Firmaet Parkett M2 AS som leiger lokale på dykkar eigedom GBNR 22/132. Det vart også opplyst at det frittliggande bygget lengst vest på eigedommen er utleig til anna firma. Det er frå før berre tildelt adressa Mjåtveitflaten 1 til bensinstasjonsbygget på denne eigedommen.

Då de har brukseiningar som ikkje direkte tilhører drifta av bensinstasjonen på denne eigedommen og desse lokala har egne ytre inngangar, eller ligg i egne bygg, skal desse ha eiga offisielle gateadresse. Er det fleire brukseiningar (utleigeobjekt) innanfor same ytre inngang skal det tildelast eit brukseiningsnummer, i tillegg til gateadresse, basert på eininga si plassering i bygget.

Det kan verte aktuelt med omadressering og eventuelt også tildele adressa Mjåtveitflaten 3 på denne eigedommen.

Vedlagt ligg eit kart der de kan teikna inn kor mange ytre inngangar til egne brukseiningar det er på eigedommen, og også opplyse om det er fleire brukseiningar innanfor ein felles ytre inngang og i kva etasje dei er plassert.

Ber om tilbakemelding på dette innan 2 veker, slik at arbeidet med adressering kan koma raskt i gang.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Sender retur vedlagt inntegning på kart

